

Frekhaug, 19 mai 1984.

Meland Landbruksnemnd  
v/Heradsagronom Aalvik.,  
5110 Frekhaug.

Søknad om omlegging av gardsveg på gnr.23, bnr.1 i Meland.

Etter mundtleg avtale med tidlegare eigar av bnr.26, har eigar av bnr.80 i lengre tid fått nytta dette bnr. sin vegrett og private veg over bnr.1 med utkøyrsløse til fylkesvegen.

Den noverande eigar av bnr.26 hevdar at dette berre var ei mellombels ordning, og krev at bnr.80 får seg anna vegordning snarast.

Eigar av bnr.80 har i dette høve sendt førespurnad til Nordhordland Folkehøgskule bnr.1 om å få laga veg frå sin parsell over grunnlendt utmark inn på ei anna avkøyrsløse til fylkesvegen.

Det vegstykke den noverande veg går langs bnr.26 si grense i aust - vestleg retning vert då tildelt bnr.1. Denne veg kan sperrast for gjennomkøyring, men kan nyttast av bnr.1 som vende- teig for den dyrka jorda.

Ein vonar at den omtala vegutløysing kan godkjennast for å få ei fredeleg ordning i denne saka.

Med helsing

for Nordhordland Folkehøgskule

*H. Wiig Andersen*  
Harry Wiig-Andersen

Rektor.

Vedlegg: 1 stk.kartblad.